



SPAR Uskedalen har 14 ansatte på heiltid og deltid.

**I fjor vart det gull til SPAR Uskedalen i kundeundersøkinga som omfattar nesten 300 SPAR-butikkar over heile landet. I år vart det sølv, ettersom butikken her i bygda tapte med nokre hundredelar for SPAR på Seimsfoss.**

**At to SPAR-butikkar frå Kvinnherad toppar ei slik tevling må karanteriserast som både gledeleg og oppsiktsvekkjande.**

**Det høyrer også med til suksessen at SPAR Valen var blant dei 20 beste.**

**Det var utdeling i Oslo i går.**

Tevlinga gjeld kor fornøgde kundane er og SPAR Uskedalen kom inn med ein totalscore tett oppunder toppen, som er 6.

- Det er vi sjølv sagt svært fornøgde med og eg er nok ein gong imponert over den flinke staben vår, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no

.- Ein skeisemeister sa ein gong at sølv er eit nederlag.

..- Det gjeld ikkje i denne bransjen! 35.000 kundar har vore med i undersøkinga og 44 prosent av dei som var med hos oss svarta. Det er ein sværthøg prosent ettersom svarprosenten på landsbasis låg rundt 35.

- Og kva gjer SPAR Uskedalen etter eit slikt resultat?

- Vi nullstillar oss og betraktar det som undersøkinga viser som historie. Så tek vi for oss det kundane ikkje var fornøgde med og satsar på å forbetra oss. Alle dei kundane som svarta vil få ein mail frå oss med opplysning om kva vi skal jobba med framover, seier Bente.

Ho synest slett ikkje det var bittert å tapa for SPAR på Seimsfoss.- Dei er flinke og verdige vinnarar, seier ho.

Fredag serverar SPAR kaffe og kake som tusen takk for alle tilbakmeldingar på undersøkinga.

Av Ola Matti Mathisen